



Kommunestyret

Vår sakshandsamar: Elin Molven Wilhelmsen

Dykkar ref.:
Vår ref: 2014/323
Vår dato: 20.04.2015

Partsbrev PS 16/15 - Bømlo vatn- og avlaupsselskap AS - Rapport etter selskapskontroll

Påskrift frå sekretariatet:

Ber om at rapporten saman med partsbrevet vert lagt fram for kommunestyret i møte den 11.5.2015 for endeleg handsaming og vedtak.

Med helsing

Hogne Haktorson
kontrollsjeff

Elin Molven Wilhelmsen
spesialrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Kopi til:
Ordførar
Rådmann
Bømlo kommune
Utvalseiar
Deloitte AS

Arkivsak: 216
Arkivnr: 2014/323-9
Sakshandsamar: Elin Molven Wilhelmsen

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Bømlo kommune	16/15	15.04.2015

Bømlo Vatn og Avløpsselskap AS - Rapport etter selskapskontroll

Bakgrunn for saka:

I kontrollutvalet sitt møte 17.9.2013 gjorde utvalet følgende vedtak:

«Kontrollutvalet ber sekretariatet om å førebu sak om bestilling av prosjektplan selskapskontroll av Bømlo Vatn og Avløpsselskap AS til neste møte.»

I kontrollutvalet sitt møte 26.11.2013 gjorde utvalet følgende vedtak:

1. *«Deloitte vert beden om å levere forslag til prosjektplan i tråd med dei føringar utvalet har gjeve.*
2. *Prosjektplanen skal handsamast i møte i kontrollutvalet og utvalet skal vurdere om prosjektet er i samsvar med deira bestilling. Eventuelle endringar skal innarbeidast i prosjektplanen.»*

I kontrollutvalet sitt møte 18.2.2014 gjorde utvalet følgende vedtak:

1. *«Kontrollutvalet ber Deloitte gjennomføre selskapskontroll av Bømlo vatn- og avløpsselskap AS, med dette som tema og eventuelle innspel under drøftinga i møtet.*
2. *Det vert akseptert ein timeressurs på inntil 290 timar.*
3. *Kontrollutvalet ønskjer at rapport er klar frå Deloitte si side innan utgangen av august 2014, ferdig verifisert og med selskapet og rådmannen sin uttale vedlagt og/eller innarbeidd.»*

Føremål og problemstillingar:

Føremålet med selskapskontrollen er å undersøke og vurdere Bømlo kommune si eigarstyring av Bømlo VA. Vidare vil føremålet med selskapskontrollen vere undersøke om selskapet har etablert system og rutinar for å sikre at selskapet driver i samsvar med vedtekter, politiske vedtak og regelverk. Følgjande overordna problemstillingar er undersøkt:

1. *Utøver Bømlo kommune kontroll med Bømlo vatn- og avløpsselskap i samsvar med politiske vedtak og etablerte normer for god eigarstyring og selskapsleiing?*
 - a. *Utøver Bømlo kommune eigarstyring av Bømlo vatn- og avløpsselskap i samsvar med sentrale tilrådingar frå KS?*
 - b. *Utøver Bømlo kommune eigarstyring av Bømlo vatn- og avløpsselskap i samsvar med kommunen si eigarskapsmelding og andre kommunale vedtak?*
2. *Har selskapet system og rutinar som bidrar til å sikre etterleving av sentrale krav innanfor aksjelova?*

3. *I kva grad blir krav og retningslinjer som Bømlo kommune stiller til sine selskap etterlevd av Bømlo vatn- og avløpsselskap?*
 - a. *Driv Bømlo vatn- og avløpsselskap i samsvar med vedtektene og krav i Bømlo kommune si eigarskapsmelding?*
 - b. *I kva grad følgjer Bømlo vatn- og avløpsselskap opp kommunestyret sine vedtak og andre føringar frå eigar?*
4. *I kva grad er avtalar som er inngått mellom Bømlo kommune og selskapet når det gjeld overtaking av anlegg tilstrekkeleg tydeleg med omsyn til kva som er selskapet sine forplikningar?*
 - a. *I kva grad er avtalar som er inngått mellom kommunen og tidlegare eigarar av private vassverk forpliktande for selskapet?*
 - b. *Følgjer selskapet opp avtalar som er forpliktande for selskapet på ein god måte?*
 - c. *Sikrar selskapet likebehandling av alle avtalepartar?*
5. *I kva grad har selskapet system og rutinar som sikrar likebehandling når det gjeld tilknytingsavgift for vatn- og avløp?*
6. *I kva grad sikrar selskapet at prinsippet om sjølvkost innan vatn og avløp blir etterlevd?*

Drøfting:

Med dette som utgangspunkt, har Deloitte gjennomført selskapskontroll av Bømlo Vatn og Avløpsselskap AS. Det er nytta dokumentanalyse, intervju og verifiseringsprosess som metode i arbeidet. Rapporten er sendt til selskapet og kommunen for verifisering og høyringsuttale. Høyringsuttaler frå rådmannen og advokatfirmaet Rasmussen & Broch ligg ved rapporten. Kommentrar frå Deloitte Advokat DA til uttale frå advokatfirmaet Rasmussen & Broch er også lagt ved.

Sekretariatet fekk den endelege rapporten 31.3.2015. Rapporten som no ligg føre frå Deloitte, viser at det er gjort eit grundig arbeid ut frå føremål og problemstillingar som var sett opp av kontrollutvala i bestillinga av prosjektet. Rapporten har ei god utforming, og er eit godt grunnlag for dei som nå skal handsame den politisk. Den gjev oversyn over dei vurderingar som bør drøftast, og kjem med tilrådingar som kommunen og Bømlo Vatn og Avløpsselskap AS bør følgja opp, for å oppnå målsettinga med å få til ei betre eigarstyring av dette viktige selskapet for kommunen.

I sin uttale til rapporten uttaler rådmann at han ikkje kan sjå at rapporten inneheld faktiske feil i relatert til det som omhandlar Bømlo kommune. I si tilbakemelding har Rådmannen levert fem kommentarar til tilrådingane som gjeld kommunen.

Sekretariatet meiner rapport etter selskapskontroll av Bømlo Vatn og Avløpsselskap AS gjev eit godt grunnlag for å gjera innstilling om kva Bømlo kommune må setja fokus på for å få til god kommunal eigarstyring av både Bømlo vatn- og avløpsselskap, og andre selskap som kommunen har eigarinteresser i. Samandraget innleiingsvis i rapporten, gjev eit godt oversyn over dei vurderingar og tilrådingar som vert gjeve.

Konklusjon:

Med utgangspunkt i rapporten og dei vurderingar og tilrådingar som ligg føre, bør kontrollutvalet innstilla til kommunestyret og be rådmannen og Bømlo VA følgja opp dei tilrådingar som er gjeve i rapporten.

Forslag til innstilling

Kommunestyret ber rådmannen syta for:

1. At opplæringa av folkevalde også bør omfatta informasjon om kommunen si eigarskapsforvaltning.
2. Å stille krav i eigarskapsmeldinga om at selskapsstyra gjennomfører eigenevaluering.
3. Å utvikle rutinar for meir systematisk og dokumentert oppfølging av om selskapa etterlever krav frå kommunen (til dømes i eigarskapsmelding og andre vedtak).

Kommunestyret ber Bømlo Vatn og Avløpsselskap AS syta for å:

1. Dokumentere styreevalueringane slik at ein i større grad sikrar at informasjonen kan bli nytta til forbetring/utvikling av styrefunksjonen.
2. Utarbeide konkrete retningslinjer / rutinar for handtering av habilitet i selskapet i tråd med krav i forvaltningslova og krav frå eigar.
3. I større grad legg til rette for/bidreg til at styrerepresentantar registrerer sine verv i KS styreregister.
4. Prioritere arbeidet med å rullera hovudplan for vatn og avløp.
5. Vurderer korleis den samla planlegginga, herunder koordinering med andre aktørar (Bømlopakken og Statens vegvesen) og prioritering av oppgåver, kan sikra ei meir føreseieleg gjennomføring av prioriterte prosjekt.

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Bømlo kommune - 15.04.2015**Handsaming i møtet:**

Forvaltningsrevisjonsrevisor Gunnar Hoff frå Deloitte AS presenterte rapporten og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Ordførar ber revisor presentera rapporten i kommunestyremøte den 11. mai 2015. Det vert sett av om lag 30 minutt til presentasjon og spørsmål. Revisor vart orientert om dette i møtet. Kommunestyret sitt møte den 11. mai 2015 startar kl. 18:00 og presentasjonen vert sett opp i starten av møtet.

Framlegg til innstilling vart samrøystes vedteke.

Innstilling:**Kommunestyret ber rådmannen syta for:**

1. At opplæringa av folkevalde også bør omfatta informasjon om kommunen si eigarskapsforvaltning.
2. Å stille krav i eigarskapsmeldinga om at selskapsstyra gjennomfører eigenevaluering.
3. Å utvikle rutinar for meir systematisk og dokumentert oppfølging av om selskapa etterlever krav frå kommunen (til dømes i eigarskapsmelding og andre vedtak).

Kommunestyret ber Bømlo Vatn og Avløpsselskap AS syta for å:

1. Dokumentere styreevalueringane slik at ein i større grad sikrar at informasjonen kan bli nytta til forbetring/utvikling av styrefunksjonen.
2. Utarbeide konkrete retningslinjer / rutinar for handtering av habilitet i selskapet i tråd med krav i forvaltningslova og krav frå eigar.
3. I større grad legg til rette for/bidreg til at styrerepresentantar registrerer sine verv i KS styreregister.
4. Prioritere arbeidet med å rullera hovudplan for vatn og avløp.
5. Vurderer korleis den samla planlegginga, herunder koordinering med andre aktørar (Bømlopakken og Statens vegvesen) og prioritering av oppgåver, kan sikra ei meir føreseieleg gjennomføring av prioriterte prosjekt.

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Elin Molven Wilhelmsen

spesialrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Vedlegg

- 1 Rapport etter selskapskontroll ved Bømlo Vatn og Avløpsselskap AS